

Halvårsrapport 2013

Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) oppnådde eit resultat etter skatt i første halvår i 2013 på 58 mill. kr, noko som er 27 mill. kr betre enn tilsvarende periode i 2012. Halvårsresultatet er det beste nokon gong for SFE.

Konsernet

Konsernet SFE består av morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS og dei heileigde dotterselskapa SFE Kraft AS, SFE Produksjon AS, Firdakraft AS, Sørstrandsvegen 9 Sandane AS og SFE Nett AS. Dotterselskapa Svelgen Kraft Holding AS og Svelgen Kraft AS som er eigd 56% SFE Produksjon AS inngår også som ein del av SFE-konsernet. Fossheim Energiverk AS, Innvik Kraftverk AS, Vestavind Kraft AS, Etrygg AS og Eninvest AS er tilknytte selskap til konsernet.

Eigarsamansettinga i Sogn og Fjordane Energi AS er slik:

Sogn og Fjordane fylkeskommune:	48,2 %
BKK:	38,5 %
7 kommunar i Nordfjord og Sunnfjord:	13,3 %

Gjennomsnittleg systempris 1. halvår var 30,3 øre/kWh. Til samanlikning var gjennomsnittleg systempris 1. halvår i fjor 25,3 øre/kWh.

Rekneskapan for 1. halvår 2013 viser eit overskot for SFE-konsernet på 58 (31) mill. kr etter skatt. (Tal for 1. halvår 2012 i parantes.)

Kraftproduksjonen 1. halvår var 843 GWh (1 043 GWh). Lågare produksjon har ført til reduserte inntekter frå kraftproduksjonen med 45 mill. kr i forhold til 1. halvår ifjor. Driftsresultatet frå området er derfor redusert med 32 mill. kr frå 136 mill. kr til 104 mill. kr i år.

Transportert mengde i nettet var 396 GWh, det er ein auke på 18 GWh frå fjoråret. Selt kraftmengde til kundar i sluttbrukarmarknaden var 710 GWh, det er ein auke på 4 % frå 680 GWh i fjor.

Nettverksemda i konsernet har eit driftsresultat 1. halvår på 74 mill. kr. Dette er ein svært kraftig forbetring frå 2012 då vi hadde eit negativt driftsresultat på 5 mill. kr på området. Grunnen til den kraftige forbetringa er auka inntektsramme frå NVE for 2013. Tilsvarende var grunnen til det svært dårlege resultatet på nettverksemda 1. halvår i fjor ei svært låg inntektsramme. Dersom ein ser begge åra samla gir dette eit betre uttrykk for det normale resultatet på området. Styret meiner det er uheldig at rammevilkåra for nettverksemda er slik at det gir store svingingar i inntekter frå år til år. Gitt verksemda sin art med store investeringar i infrastruktur, bør denne type verksemd gi stabil og forutsigbar avkastning frå år til år. Hovudutfordringa med at inntektsrammereguleringa ikkje i tilstrekkeleg grad har stimulert til å gjennomføre investeringar må framleis ha merksemd, men endringar i reguleringa frå 2013 medfører likevel ei vesentleg betring.

SFE fekk i juni konsesjon på bygging av Østerbø kraftverk i Høyanger kommune. Dette er svært gledeleg i forhold til å få realisert rein miljøvenleg vasskraft. Selskapet har mange

konsesjonssøknader inne hos styresmaktene både på produksjons- og nettanlegg. Konsesjonsprosessane tek svært lang tid og det er utfordrande å få bygt nødvendige anlegg innanfor perioden for tildeling av elsertifikat som er fram til utgangen av 2020. Det er derfor svært viktig at styresmaktene klarer å handsame dei mange søknadane innanfor rimelege sakshandsamingstider.

Resultatrekneskapen

SFE hadde i 1. halvår driftsinntekter på 660 (565) mill. kr. Driftsresultatet vart 178 (135) mill. kr. Resultatet før skatt er 127 (81) mill. kr etter at netto finanskostnader på 51 (54) mill. kr er belasta resultatet. Resultatet etter skatt er på 58 (31) mill. kr. Det er ein auke på 27 mill. kr frå 2012. Det er belasta 36 (23) mill. kr. i overskotsskatt og 23 (26) mill. kr i grunnrenteskatt.

Balanse

SFE har investert 97 mill. kr i fysiske driftsmiddel i siste halvår, av dette er 79 mill. kr investeringar i nettanlegg. SFE investerer årleg ca 150 mill. kr i forsterking og utviding av linenettet. SFE sin totalbalanse 30.06.13 er på 4.484 mill. kr. Konsernet har omlaupsmidlar på 406 mill. kr og 4.077 mill. kr i anleggsmidlar.

Renteberande gjeld er 2.414 mill. kr. Av dette er 514 mill. kr gjeld som dotterselskapet Svelgen Kraft Holding AS har til sine eigarar Tafjord Kraftproduksjon AS og Sognekraft AS.

Eigenkapitalen pr 30.06.13 er 1.348 mill. kr, det tilsvare ein eigenkapitaldel på 30%.

Framtidsutsikter

SFE reknar med å produsere om lag middelproduksjonen på 2.065 GWh på årsbasis. SFE ventar eit resultat som er noko betre i 2. halvår enn i 1.halvår og dermed eit årsresultat for 2013 som er betre enn resultatet i 2012 som var 81 mill. kr.

Styret i Sogn og Fjordane Energi AS
Sandane, 28. august 2013